

# Referat frå styremøte 01/2020

Torsdag 16. januar 2020 kl. 18:00-20:00 i Klubbhuset

Desse møtte: Terje Edvardsen, Arne Hjertenes, Ole Bosnes, Jan Petter Venøy, Inge Bakke.

## Førebuing til årsmøtet

### a) Praktisk førebuing

Årsmøtet er fredag 31. januar kl. 18:00 i Klubbhuset. Styret møter ein halv time før for praktiske førebuingar.

### b) Saker frå medlemmane

Frå Rune Jan Skår:

«Moldefjorden har ikkje eit organisert tilbod om plass til fritidsbåtar. Ber årsmøtet vurderer ei grensejustering av sone for 1. prioritet ved sal og leige.»

**Svar frå styret:** Styret har alt drøfta denne saka og vil la årsmøtet avgjere det ved at det leggjast fram eit slikt framlegg, som samtidig endrar «Selje kommune», som no er historie, til «6740 Selje».

#### **§10 Fordeling av båtplassar**

##### **Punkt 2 Lister: Punkt 4 endrast til**

Kjøpelista og leigelista skal vere delt i tre deler, der alle på del ein av ei liste har førerrett framom dei på del to og tre, medan alle på del to har førerrett framom dei på del tre.

Del ein er for dei som har bustadadresse frå og med Skårbø, til og med Salt.

Del to for dei som har bustadadresse annan stad innafor grensa til 6740 Selje.

Del tre for dei som har bustadadresse utanfor 6740 Selje.

Frå Jarle Fagerstad:

«Dei fleste bakveggsbåtar rundt 40 fot har litt meir vekt enn 10 tonn og fleire deleigarar ønsker større båtar. Saga Boats AS sin største i dag er 39 fot og utviklinga går her som andre stader mot større båtar.»

**Framlegg frå Jarle Fagerstad:**

1. Grensa for båtstorleik økt til 12 tonn/13 meter. \*

Frå Karstein Ødegård:

**Framlegg frå Karstein Ødegård:**

1. Grensa for båtstorleik vert økt til 12 tonn/14-15 meter. \*
2. Det vert oppretta båtplassar med utriggarlengde på 10 meter og 12 meter \*
3. Båtplassar og båtar i hamna vert sortert etter båtstorleik \*

**Førespurnad frå Karstein Ødegård:**

- Kva er grenser for vekt og storleik for bruk av slippvogna?  
**Svar frå styret:** Vogna er godkjend for 8 tonn.
- Korleis er ansvarsforholdet ved bruk av slippvogna?  
**Svar frå styret:** Bruk av slippvogna skjer på eige ansvar.

Frå Jan Kåre Ødegård:

**Framlegg frå Jan Kåre Ødegård:**

1. Det opprettast båtplassar med utriggarlengde på 10 meter og 12 meter. \*
2. Det opprettast eigen rad for båtplassar med 10 meter utriggarar. \*
3. Det opprettast eigen rad for båtplassar med 12 meter utriggarar. \*
4. Det vert eigen andelspris på store båtplassar. \*

**Framlegg frå Jan Kåre Ødegård:**

5. Ferdigattest for klubbhuset leggjast ut på heimesida.

**Styret meiner:** Vidar Berge, Bygger'n, var ansvarleg for byggesaka og tok vare på ferdigattest og andre papirer. Styret meiner det ikkje er grunn til å leggje attesten ut på heimesida.

**Førespurnad frå Jan Kåre Ødegård:**

Dekker forsikringa til hamnelaget skade- eller død på personar i samband med utleige av klubbhus til overnatting ved brann og liknande?

**Svar frå styret:** Holmavika Hamnelag har brannforsikring hos Tryg for heile anlegget.

**\*Styret meiner:** Framlegga merkt med stjerne ovanfor handlar om auke av tillate båtstorleik og lengde på utriggarar. Styret meiner at dette må avvisast av årsmøtet. Styret grunnjev dette med at

1. hamna er for lita
2. bryggene er for svake
3. hamna er for utsatt for sjødrag og vind

Ein kunne vurdert dette på nytt dersom ein fekk på plass nye og sterkare brygger, men utvida plass til store båtar ville gå på bekostning av antall båtplassar totalt.

## c) Saker frå styret

**Framlegg til endring av vedtektene:**

**Adressa endrast til**

Holmavika Hamnelag v/leiar, 6740 Selje  
 Stad kommune, kommunenummer 4649

**§1 Formål og organisering, første kulepunkt endrast til**

Holmavika hamnelag SA, 6740 Selje, har som hovudføremål å skaffe båtplass til medlemmar som har bustadadresse med postnummer 6740 Selje.

**§3 Medlemsskap, første kulepunkt slettes medan andre kulepunkt endrast til**

Medlemmar som får tilbod om båtplass i Holmavika Hamnelag må betale medlemskontingent og eit andelsinnskot. Andelsinnskotet skal være betalt før båtplass kan bli tilvist. Storleiken på andelsinnskot vert fastsett av årsmøtet. Andelsinnskot forrentas ikkje.

**§7 Årsmøtet**

**Årsmøtet skal behandle, punkt 3 Fastsetjing av: Her leggjast til**

Pris på utleige av båtplass

**Punkt 7, 2. Prisar ved utleige av båtplass endrast til**

Prisen for utleige av plassar i hamna skal kvart år avgjerast av årsmøtet. Leiga skal betalast

forskottsvis til hamnelaget. Hamnelaget beheld 15 % av leigeinntekta. Resten vert utbetalt til utleigar innan utgangen av desember kvart år.  
Elles bør vedtektene språkvaskas, slik at ordlyden blir konsekvent nynorsk.

Førespurnad på årsmøtet 2019:

I kva grad er budsjettet bindande for styret?

**Svar frå styret:** Budsjettet er eit styringsredskap og viser retninga ein ønskjer for utviklinga av hamna. Det vil vere svært upraktisk om dei einskilde postane i budsjettet måtte avgrenes styret sitt høve til å bruke lagets midlar. Ting kan komme opp som ein ikkje kan forutse.

Aktuel problemstilling i 2019

**Til drøfting på årsmøtet:** Flytting av utriggar i sambande med flytte av plass. I utgangspunktet eig andelseigar ein halv utriggar på kvar side av plassen, naboen den andre halva. Men i nokre høve har eigar med stor båt kjøpt ny og større utriggar for eiga rekning fordi naboen ikkje hadde same behov og ikkje ville vere med på kostnaden. Når eigaren sidan vert nødt til å flytte til annan plass for å få auka breidde ved kjøp av ny båt, kan han da ta med seg utriggaren han har kjøpt sjølve?

#### d) Budsjett

Budsjett for 2020: Framlegg frå kasserar leggjast fram på årsmøtet.

#### e) Årsmelding

Årsmelding for 2019: Framlegg frå leiar leggjast fram på årsmøtet.

#### f) Rekneskap

Rekneskap frå Fiken: Kasserar legg fram resultat- og balanserekneskap på årsmøtet.

#### g) Fastsetjing av

- Årleg medlemskontingent.  
**Framlegg frå styret:** 2.500 kr (2.000 kr no)
- Storleiken på andelar (inklusiv prisen for utviding av båtplass)  
**Framlegg frå styret:** Det vert lagt til 20.000 kroner til alle andelsverdiane.
- Pris for utleige av båtplass  
**Framlegg frå styret:** 300 kr per måned uansett storleiken på plassen.
- Pris for frikjøp dugnad.  
**Framlegg frå styret:** Uendra (1.000 kr.)
- Prisar ved slipping.  
**Framlegg frå styret:** Uendra.
- Straumavgift.  
**Framlegg frå styret:** Uendra (700 kr per år).
- Prisar for leige av klubbhuset.  
**Framlegg frå styret:** Uendra.

#### h) Reglar for klubbhuset

Bør det lagast reglar for bruken av klubbhuset? Spørsmål frå medlem på siste årsmøte.

**Styret meiner:** Vi ser ikkje behov for det.

#### i) Maksimal storleik på båtar i hamna

Styret er uroa over mange store båtar i hamna. Bør grensene for storleik og tyngde regulerast ned?

**Framlegg frå styret:** Maksimal vektgrense for båtar i hamna setjast ned frå 10 til 8 tonn. Et eventuelt vedtak om endring vil ikkje få tilbeverande kraft.

#### j) Straummåling

Har vi kontroll med kvar straumen i anlegget blir brukt? Spørsmål frå medlem på siste årsmøte.

**Svar frå styret:** Vi har sjekka opplegg for dette. Eit opplegg med målarar i ulike delar av hamna vil bli dyrt, 46.000 kr ca. i 2019. Største forbrukar er gatelysa og Klubbhuset. Klubbhuset har ikkje eige abonnement.

#### k) Val

Namn med fet skrift er framlegg til val på nye tillitspersonar.

##### **Framlegg frå valnemnda:**

- Leiar: **Viktor Kjøde** 1 år
- Kasserar: Ole Bosnes 1 år igjen.
- Styremedlem: **Arne Hjertenes** 2 år
- Styremedlem: **Per Årvik** 2 år.
- Styremedlem: **Jan Petter Venøy** 1 år for å komme inn i rytmen.
- Varamedlem: **Jarle Hovden** 2 år
- Revisorar: Erik Midtgaard 1 år igjen, **Ove Hoddevik** 2 år.
- Valnemnd: Geir-Ove Liseth 1 år igjen, **Kjetil Fure** 2 år.

#### l) Andre saker

Det trengs ny lås til A-brygga. Ole hadde med kvittering for kjøp av tilsvarande lås førre gong.

**Vedtak:** Inge bestiller hos Gardit.

Møtet slutt.